

## NVBF Region Sogn og Fjordane, status/vudering:

Tre konkrete tiltak å jobbe med for NVBF Region Sogn og Fjordane frå 1/1 2024

- 1) **Førde VBK, Svelgen T og IF, Florø T&IF, Studentspretten (studentidrettslag, Sogndal), Sunnfjord FHS IL (folkehøgskulestudentar) , Jølster IL og Viksdalen IL er dei 7 volleyballmiljøa som eksisterer med organisert volleyballaktivitet** dvs. lag i serie for senior, og har tilbud om treningsaktivitet for unge og born. Organisatorisk er klubbane sårbare ( strevar med trenarar, få på plass styre og få med foreldre på å ta ansvar). FVBK er eit lite unntak, men dei har også utfordringar på sitt nivå. Særleg dei 5 klubbane som ikkje er knytt til studentidrettslag, er ryggrada i volleyballmiljøet i gamle Sogn og Fjordane fylke. Situasjonen for Studentidrettslaga kjenner eg ikkje godt nok, men dei har ikkje rekrutteringsarbeid. Om desse 5 klubbane knekk ryggen, vil det vere ei katastrofe for volleyballmiljøet i vår region. Desse klubbane må ha spesifikk hjelp med sine særskilde utfordringar. FVBK var difor på eige initiativ på besøk i Florø i fjor haust, og no i haust til Svelgen. Vi drog med 3-4 trenarar og trena 3 -4 parti med liv og lyst. FVBK gjer dette utan å ta betaling, fordi klubbane rundt oss vil ha slikt besøk- det gir inspirasjon, motivasjon og speleglede for ungdomane og trenarar i lokalmiljøet. På nyåret vil Jølster IL, Viksdalen IL og Florø T&IL stå for tur for få sine besøk av FVBK.

Vi har ikkje lukkast med å få finansiert besøka via NVBF sentralt..

***Å styrke og trygge desse 5 volleyballmiljøa, er eit krav for at volleyballen skal ha ei framtid i Sogn og Fjordane!***

**Framlegg til løysing punkt 1) :**

- a) FVBK og dei 6 beste klubbane i MIZUNO-ligaen D/H går saman for å dele kunnskap, kompetanse og erfaring rundt det å vere eit Elitelag i Norge. Administrativt, sportsleg og økonomiske. Kva kan vi lære av kvarandre? Korleis kan vi styrke kvarandre ? Det må lagast ein plan for dette av profesjonelle klubb utviklarar med OK framdrift.. Samle styra via TEAMS og spare pengar her? Kartlegge først – utvikle så ?
  - b) Korleis utnytte kompetansen FVBK og andre eliteklubar har i nærmiljøet for å stimulere klubbane som slit til å jobbe «rett»? Kva er «rett» i tilfelle ? Kva veit vi og kva bør vi gjere ? Kan det lagast ein mal eller ei rettesnor for dette arbeidet ?
- 2) **Minivolleyball og Teenvolleyball, særleg mini har rimeleg greie vilkår i desse 5 klubbane. Minivolleyball blir sett på som verdifulle og viktig treningstilbod for barn og unge.** Dette er eit oppegående tilbod som er i ferd med å feste seg som gode og trygge lærings- og utviklingsmiljø hos desse 5 klubbane.

For å nå ut til dei miljøa som organiserer trim og mosjonist tilbod i volleyball via t.d. Facebookgrupper, er utfordringa større. Dei leiger gymsalar og hallar på eiga hand, inviterer nabobygder til privatkampar, og takkar nei til organiserte turneringstilbod og

seriespel. Miljøa finst, og utfordringa er å få dei inn i organisert aktivitet. Har NVBF og NIF erfaringar med dette?

#### **Framlegg til løysing punkt 2 ) :**

- a) Arbeide med å introdusere minivolleyball i barneskulane og i dei uorganiserte volleyballtilboda som finnast i Sogn og Fjordane.
- b) Prøve å få meir respons hos dei etablerte klubbane for TEEN-volleyball, eit opplegg som passar utmerka for dei små miljøa med få spelarar i bygder og grender, men som kanskje ikkje står like sterkt i dei miljøa som spelar 6-ar-volley frå 12 årsalderen ?

### **3) Skulesatsing – korleis få born og ungdom til å spele meir volleyball?**

NVBF Region Sogn og Fjordane trur at det er særleg opplæringa på barnetrinnet som må systematiserast. Her har volleyballen eit stort potensiale som inkluderande og lagbyggande aktivitet, frå 4. klasse og oppover. Det finnast ikkje nokon idrett der ein er så avhengig av eit godt og positivt bejande miljø for å lukkast med å få spelet til! Tenke positivt, stol på makkeren din, ver støttande, hjelp medspelaraen din til å lukkast, vi treng kvarandre, stå saman og jobb for laget! Her kan du ikkje gå solo – du må samhandle! I volleyball lærar du det du treng for å lukkast i å skape eit godt og trygt klassemiljø! Dette bør vere tankar og læring som går parallelt. Du treng menneska rundt deg for å spele volleyball... Er det ikkje slik i livet elles også ? Tenk på sittevolleyball i ein slik klasse med ei elev som slit med å stå og gå?!? PS! Trur ein må velge ut kommune for kommune, planlegge godt og grundig... Jobbe over lang tid...

#### **Framlegg til løysing punkt 3) :**

- a) Det bør utviklas teit opplegg for introduksjon i minivolleyball tilpassa barneskulelærarane og deira tidsbruk. Helgekurs er ikkje bra, mykje betre med ein ettermiddag i veka og så rullere. Totalt 3 ettermiddagar ? Lokale kurshaldarar ?
- b) Det må jobbast mot kommunane og skulane. Det krev systematikk og god planlegging og dedikerte ansvarlege som gjennomfører frå A – Å.
- c) Å halde turneringar på kvar skule mellom 4-5 og 6-7 klasse er tilstrekkeleg målsetting. Før jul og som avslutning før påske? Dette kan vidareførast til beachvolleyball i april-juni.
- d) Kunne eit minivolleyballsamarbeid med Sunnfjord FHS og elevane der vere eit prosjekt å starte med? Elevane som instruktørar, faglærar i volleyball som rettleiar for lærarar? I innverande år er 45 gutar og 12 jenter med på Sunnfjord FHS.

### **Korleis kan NVBF hjelpe ?**

NVBF sentralt og NVBF Region Sogn og Fjordane må først vere samde om situasjonsbeskrivinga er rett. Så må vi samlast om kva vi skal gjere, og rekkjefølgja på tiltaka. Budsjett og økonomisk rammer må på plass før ein startar.

## **UTFORDRING GENERELT:**

**Kommunikasjon er eit viktig felt i ein stor organisasjon som NVBF.** For Region Sogn og Fjordane sine medlemsklubbar, som gjerne har ein person som sit og styrer og passar på ulike digitale plattformer som FB, epost, messenger, SPOND og Profixio, kan det vert utfordrande å få med seg alt. Døme;

Dersom det er besøk frå sentralt hald med instruktørar i minivolleyball eller for skulelærar, så må ein trygge god påmelding frå alle som kan ha interesse av å vere med. Kven syter for at alle skulane i Kinn kommune får beskjed? Vi erfarer at det bør purreast meir, både frå NVBF, Region og administrativt tilsette bør kjenne si tid og vere godt informert og gjere eit promoteringsarbeid på førehand! Gjentakne purringar på ulike plattformer på ulikt nivå, er nødvendig for å få full oppslutning og god uteljing for kurs, samlingar, på meldingar i profixio etc!

For NVBF Region Sogn og Fjordane

Johan K. Kjerstad

Mob.: 9938 3399